

# PKO-NYTT

Praksis - Konsulent - Ordninga

Nr. 6 2016

 **HELSE BERGEN**  
Haukeland universitetssjukehus



 **Haraldsplass**  
Diakonale sykehus

## Når spedbarn får feber

Av: Hallvard Reigstad, seksjonsoverlege, Barneklubben

**Alle spedbarn under tre månader med feber skal leggest inn på sjukehus som augeblikkeleg hjelp, uavhengig av allmenntilstanden til barnet og eventuelle blodprøvesvar.**

Dei minste spedbarna har umodent infeksjonsforsvar og dekompenierer raskt. Derfor kan ein bakteriell infeksjon utvikle seg til respirasjons- og/eller sirkulasjonssvikt i løpet av kort tid.

Som hovudregel vil barn, spesielt dei som er mindre enn fire til seks veker gamle, få antibiotika i 48 timar. Behandlinga startar omgåande, medan vi ventar på svar frå dyrking av blodkultur, urin og eventuell spinalvæske. Vi minner samtidig om at feber ikkje er obligat ved alvorlege infeksjonar. Alle barn med alder under tre månader som har nedsett allmenntilstand, skal på sjukehus som augeblikkeleg hjelp.

*Arkivfoto: Mottak Barneklubben, Reigstad lengst til høgre*



## Blodprøvar som fastlegen rekvirerer blir no arkivert i DIPS

Av: Thue, Anne Grete Sælen, avdelingssjef, LKB

**Frå første september 2016 vil alle laboratorieanalyser som fastlegen har rekvirert også bli lagra i sjukehuset sitt journalsystem DIPS.**

Dersom blodprøvene er tatt på ein pasienten som ikkje har journal i DIPS, vil journal bli oppretta.

Ver merksam på at desse blodprøvesvara ikkje blir vurdert av sjukehuslege, men berre arkivert. Dersom fastlegen vil at resultatane skal vurderast av sjukehuset sine legar, må fastlegen bestille kopi til aktuell poliklinikk/avdeling.

Denne ordninga gjeld ikkje prøver frå Avdeling for patologi og Senter for medisinsk genetik og molekylærmedisin (MGM). Dei blir ikkje vidare sendt til DIPS.

Det har kravd tid å tilpasse og juridisk vurdere data-system for kopiering av prøvesvar til DIPS for Helse Bergen. Stavanger universitetssykehus har hatt ordninga ei tid og har god erfaring med den.

Fordelen med ordninga er at pasientanes laboratoriehistorikk også blir tilgjengeleg for sjukehuslegar frå 1. september. Dette vil vere til stor nytte både for pasientar og legar ved poliklinisk konsultasjon og akutte innlegging.



Arkivfoto: Trykkammer på Hyperbarmedisin

## Hyperbar behandling av stråleskade

**Stråleskadar etter kreftbehandling kan debutere med symptom over ti år etter strålebehandlninga.**

Av: Guro Vaagbø, seksjonsoverlege, Seksjon for hyperbarmedisin, Haukeland universitetssjukehus

### Årsak

Radioterapi induserer en progredierende oblitererende endarteritt som gir et karfattig, cellefattig, fiberrikt vev. Cellene vil etterkvart ikkje vere godt nok ernært til å kunne oppretthalde funksjonane sine og evna til reparasjon er svekka. Ved hyperoksygenering forsøker vi å stimulere til neoangiogenese for å betre ernæring av cellene i dei skadde områda. På dette tidspunktet blir fleire av desse pasientane følgd opp av fastlegen.

Pasientar med symptom på stråleskade i tarm eller blære, skal tilvisast til endoskopi/cystoskopi for å få påvist tilstanden. Dersom dei har smerter i bekkenringen ved belastning, skal dei tilvisast røntgenavdelinga for CT av bekkenet med spørsmål om mikrofraktur.

### Behandling

Vi behandlar stråleskader i hovud- / halsområdet med dysfagi, dysartri, xerostomi, sår i slimhinner og planlagd tannbehandling på bestrålt kjeve. Vi behandlar og stråleskadar etter bekkenfeltbestråling i form av stråleproctitt, strålecystitt, sår i vev som har blitt stråla

og stråleskade i bekkenskjelett med mikrofraktur. Stråleskada nervesystem og smertetilstandar er ikkje godkjent indikasjon.

Behandlinga skjer poliklinisk fem dagar i veka frå to til seks veker. Pasienten ligg i einmannstrykkammer i godt og vel to timar per behandling. Dei fleste ser TV eller ein DVD-film under behandlinga.

Tilreisande pasientar bur vanlegvis på Haukeland Hotell. Pasientane betaler poliklinikktakst for kvar behandling fram til frikortgrensa er nådd. Tilreisande polikliniske pasientar har rett på å få dekka heimreise i helgene. Det er meir informasjon (og film) om behandlinga for pasientar på [www.helse-bergen.no/trykkammer](http://www.helse-bergen.no/trykkammer)

### Tilvising

Hyperbar har seks einmannstrykkammer, og har Nasjonal behandlingsteneste for elektiv hyperbar oksygenbehandling. Ettersom det er den høgspesialiserte delen av pasientforløpet som er sentralisert (sjølvbehandlinga) skal pasienten vere ferdig utgreidd på førehand. Alle pasientar skal tilvisast til den nasjonale behandlingstenesta.

Oversikt over kva informasjon tilvisinga må innehalde for dei ulike indikasjonane finn ein på [www.helse-bergen.no/trykkammer](http://www.helse-bergen.no/trykkammer) og på [www.fastlegeportalen.no](http://www.fastlegeportalen.no)

## AKTUELLE ARRANGEMENT I HAUST

**Samhandlingsseminar for legar i primærhelsetenesta i sektoren til Haraldsplass Diakonale Sykehus.**

Dato: Torsdag 29. september 2016, kl. 16.00 – 20.00

Stad: Thon Hotell Rosenkrantz. Detaljert program blir publisert

18. august på [www.haraldsplass.no](http://www.haraldsplass.no). Seminaret er godkjent som valfrie timar for vidare- og etterutdanning i allmennmedisin (DNLF) som ledd i kursserie.

**Høstseminar ved Perinatalkomiteen i Helse Vest**

Torsdag 1. desember 2016 kl. 08.30 – 15.30.

Nokre av tema: Nye retningslinjer rhesusimmunisering • Nye retningslinjer for barn med hyperbilirubinemi • Nye retningslinjer for diabetes i svangerskapet. Seminaret er søkt godkjent som teljande kurstimar for spesialteten allmennmedisin, barnesjukdommar og fødselshjelp og kvinnesjukdommar. Meir info på [www.helse-bergen.no](http://www.helse-bergen.no) på "kurs for helsepersonell".